



Stortinget v/ finanskomiteen

Nei til endringar av kommunal skattelegging

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Sogn regionråd har fått orientering om verknaden av regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett. Regjeringa gjer framlegg om endringar i verk- og brukskatten. Dette inneber skattebortfall på om lag 1,2 mrd kroner på landsbasis. Fleire kommunar har gjennom tilslutning til store industrianlegg og kraftliner føresett at slik verksemd vil legge att inntekter lokalt.

Sogn regionråd krev at den lokale retten til skattelegging ikkje vert innskrenka, eller at det i det minste vert sett ned eit lovutval med mandat til å utforme meir detaljerte verdissettingsreglar.

Sogn regionråd har merka seg at regjeringa utfordrar kommunen sin grunnleggande rett til skattelegging på fleire måtar:

- Framlegget om endring i eigedomsskatt på verk og bruk vil føre til at kommunane ikkje lenger får høve til å skrive ut eigedomsskatt på kraftlinjer eller andre nettanlegg. Dette vil gje reduserte inntekter. Konsekvensen det vil ha kjem heller ikkje fram i statsbudsjettet. Staten sin utgreiingsinstruks krev at denne type utslag er rekna på og gjort greie for.
- Framlegget inneber eit vesentleg skattebortfall frå tradisjonell industri og kraftliner mv. Produksjonsinstallasjonar og utstyr utgjer det alt vesentlege av skattegrunnlaget for mange verk og bruk. Kommunane skal heretter berre få skatteinntekter av tomt og bygningar. I mange av dei tradisjonelle industriverksemdene finst det nesten ikkje bygningar; anlegget er ein stor installasjon. Det er ingen logisk grunn til at slike anlegg skal fritakast for skatt. Produksjonsinstallasjon er like mykje fast eigedom som ein bygning.
- Skatteinntektene frå dei tradisjonelle industriverksemdene vil bli vesentleg reduserte dersom framlegget om at kommunen ikkje lenger kan skrive ut skatt på verk og bruk blir vedteke. For landet sine kommunar vil dette utgjere minst 1,2 milliardar kroner årleg, etter fullført omlegging. For dei ni kommunane i Sogn regionråd er endringa førebels kalkulert til å kunne medføre over 50 millionar kroner i reduserte årlege inntekter. For kommunane Årdal og Høyanger vil inntektsbortfallet utgjere 20-25 millionar og 11 millionar kroner. Dette vil gå direkte ut over det kommunale tenestetilbodet og kommunale arbeidsplassar i regionen. Sogn regionråd ser på dette som ein misforstått industripolitikk som vil gje uklar og utilsikta konsekvens. Dei økonomiske konsekvensane er ikkje utgreidde i samsvar med «utredningsinstruksen sine krav til statsforvaltninga ved lovforslag».
- Overgangsordningane det er gjort framlegg om, vil innebere at alle kommunar må gjennomføre ny taksering. Vi meiner at dette ikkje er praktisk mogleg, og registrerer at departementet reknar kostnadane til 85 mill. kroner.

- Eigedomsskatt på verk og bruk og næring er den einaste skatteordninga på næringsverksemd som går til kommunane. Denne skatteretten sikrar lokaldemokratiet og det lokale sjølvstyret. Inntektene er viktige for finansieringa av velferdssamfunnet. Eigedomsskatten er stadbunden, den går til kommunane der verksemdene ligg, ikkje der hovudkontoret er, eller til staten. Inntektene frå eigedomsskatt finansierer viktige kommunale velferdsordningar, som skular, helse, barnehagar og eldreomsorg.
- Dei store industriverksemdene i Norge som Hydro, Statoil, Statkraft og Statnett, er heilt eller delvis eigde av staten. Skattelette for desse verksemdene vil gje auka inntekter til staten i form av meir selskapsskatt (inntektsskatt). Dette fordi eigedomsskatten kjem til frådrag i alminneleg inntekt. Redusert eigedomsskatt vil også gje større høve til utbytte. Framlegget inneber difor ei omfordeling av inntekter frå kommunane til staten, verksemdene og eigarane.
- Kommunane sine eigedomsskatteinntekter frå verk og bruk har vore ein premiss for store deler av den næringsetableringa som har skjedd. Det som no skjer vil bli opplevd som eit løftebrot på ein uskriven samfunnskontrakt. Kva insitament vil kommunane ha i framtida for å seie ja til å stille naturressursane sine til disposisjon dersom dette blir gjennomført?
- Vi registrerer at det er framlegg om å skjerme kraftanlegga, men vil påpeike at 170 kommunar likevel får reduserte inntekter på sine kraftverk og bruk.
- Regjeringa sitt framlegg om å auke statleg grunnrenteskatt frå 34,5% til 35,7% sett opp mot redusert selskapsskatt frå 24% til 23%, er truleg rekna som utbytte frå eit statleg synspunkt, men gir ei uheldig skattevriding for dei kraftproduserande selskapa og det vil vere eit tiltak som ikkje stimulerer til auka kraftproduksjon. I tillegg vil auka grunnrenteskatt gi reduksjon i dei kommunale inntektene all den tid grunnrenteskatten til staten vert trekt frå i grunnlaget for den kommunale eigedomsskatten. Framlegget inneber difor auka statskatt til fordel for kommunal eigedomsskatt.
- Sogn regionråd vil òg peike på at framlegget om endringar i reglane om produksjonsrelaterte nett vil slå negativt ut, sidan kraftselskapa får høve til å trekke frå utgiftene til linene i skattegrunnlaget for det einskilde kraftanlegget.
- Sogn regionråd meiner òg at regjeringa sitt framlegg om at kommunane ikkje bør ha innsyn og klagerett for eigedomsskatt og naturressursskatt, er udemokratisk og ei undergraving av den kommunale retten til skattelegging.

Sogn og Fjordane er eit kraftfylke og eit industrifylke. Rammevilkåra for vekst, for eit godt offentleg tenestetilbod og for gode arbeidsplassar, basert på våre naturressursar, blir vesentleg dårlegare med regjeringa sitt framlegg. Sogn regionråd kan ikkje godta at vår lokale rett til skattelegging, som direkte speglar verdiskapinga som fylket sine naturressursar og næringsliv yter til storsamfunnet, blir redusert til fordel for auka statskatt. Ei slik vriding av viktige inntekter i det norske samfunnet skjuler fordelinga av dei reelle bidraga til vårt brutto nasjonalprodukt.

Sogn regionråd krev at det vert sett ned eit lovutval med mandat til å utforme meir detaljerte verdisettingsreglar, slik industri- og kraftkommunar i landet lenge har etterlyst. Den lokale retten til skattelegging må ikkje verte innskrenka.

Med helsing

Petter Sortland
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift